

## 10 nye naust på Flatholm

22.09.2015



Flatholm er ein av naturperlane i Uskedalen og no vil den verta pynta opp enda meir. Byggadministrasjon Harald Bjørndal i Eikelandsosen har laga ein reguleringsplan som opnar for bygging av 10 nye naust på den sida av Holmen som vender mot Neset. Dei nye nausta ska plasserast på begge sider av det noverande, raudmåla naustet som er markert midt på planen over. Av framlegget til føresegner går det fram at nausta skal oppførast som tradisjonelle naust med ei grunflate på inntil 40 kvadratmeter og ei maksimal mønehøgde på 5 meter. I nausta kan det leggjast inn vatn, avlaup og straum.



Dei nye nausta kjem på begge siden av det raude naustet

Privat felles køyreveg er regulert med 5 meters breidde. Kwart naust skal ha ein parkeringsplass. I hamnerområdet kan det leggjast ut inntil 5 flytebyggjer, kvar med plass for maksimalt 4 båtar. Grøntareal skal tilplantast med stadeigen vegetasjon.

Det skal utarbeidast plan for handsaming av massar i området og planen skal visa både disponering av stadeigne massar, deponering av overskotsmassar, gjenbruk av matjord og trong for tilkøyrde massar,

Det må liggje føre godkjent VA-rammeplan før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor planområdet. Naustgruppe for naustgruppe kan byggjast ut kvar for seg.

Gangveg ned til nausta må vera etablert før det vert gjeve løyve til tiltak.

Grøntstruktur knytt til felles køyreveg skal vera ferdigstilt før det vert gjeve bruksløyve for naust.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen